




STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 2 • MAI 2026  
87. ÅRGANG

*Strandebarm kyrkje 150 år!*



150-års jubileum  
Strandebarm kyrkje  
Side 4

Om ikon  
i Norheimsund  
Side 6

Konfirmant-  
bilete  
Side 8

Auke i  
urner  
Side 11

## FRAMSIDA



Strandebarm kyrkje mai 2026  
Foto: I.K. Tordal

## Ynskjer du gravstell?



Ring kyrkjekontoret for prisar og info: tlf. 41400035, eller sjå heimesida. [kyrkja.no/kvam](http://kyrkja.no/kvam)

## KYRKJEBLAD FOR KVAM

### Utgevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

### Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, epost: [OL485@kyrkja.no](mailto:OL485@kyrkja.no)

### Grafisk produksjon:

Inger Karin Tordal

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



### Kontingent:

Friviljug / kr. 400,-

### Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver  
Vipps #584927

### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

### Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

### Tips til stoff:

Send til [ol485@kyrkja.no](mailto:ol485@kyrkja.no)

## LEIAR

## ”Likes” og likskap

Verda er ikkje som før. I riktig gode, gamle dagar var det ein heil prosess å gje til kjenne at du var usamd med noko. Du måtte setja deg ned, skriva eit lesarinnlegg, gjerne opna med orda «Hr redaktør,» postleggja brevet, og venta dei dagar dette tok før lokalavisa kanskje tok dette innspelet ditt inn under «Fritt ord». Så venta du i spaning ei veke eller to, før det kanskje kom eit svar.

Idagskjerdenneinformasjonsutvekslinga på sekundar. Du finn eit eller anna nokon har skriva om på Facebook, og du tenkjer: Javisst, det meiner eg og. Likes-knappen på mobilen vert aktivert, kanskje hiv du på ein syrleg kommentar om noko anna du heller ikkje likar – og sender av garde. Velkomen til dagens direktedemokrati.

Attende sit kanskje dei ansvarlege som har arbeidd hardt og lenge med ei sak, og som kjenner seg litt overvelda og sjakk-matt av likes-flaumen. Kva gjer me no? På sitt beste er dagens digitale direktedemokrati ei heilt nødvendig plattform for ytringsfridom. Me må berre helsa velkomen at mange har fått ein kanal til å ytra seg, menneske som kanskje aldri før har tenkt at deira røyst kunne telja med. Det er ingen veg attende til den analoge verda, om enn me skulle ynskja det.

På sitt verste er kommentar-felt ein arena for mykje som skulle vore usagt og aldri sett på trykk. Ikon-saka i Norheimsund er berre ryddige

## Olav Skeie Lid

Redaktør




krusningar på eit ekte engasjement, i forhold til det enkelte må leva med i si digitale verd. Me kjenner til litt kva våre topp-politikarar må forhalda seg til av ukvemsord og direkte trugslar i sin kvardag.

Like fullt: det er ein tankevekkjar kor lett det er å hiva seg på og trykkja din «like», og kanskje også ein kommentar til, i forhold til dei som har teke på seg eit frivillig og uløna verv, i dette høvet i soknerådet. Kva gjer denne nye digitale verda med viljen til å ta på seg slike verv, når belastinga for velmeinte avgjerder vert å stå i stormen frå facebook-kommentarar?

Men igjen: me må læra oss å leva med dette. Det er kome for å bli, og på sitt beste er det ein framifrå reiskap til ytringsfridom. Og kven visste av kyrkjerommet i Norheimsund betydde så mykje for så mange, langt utanfor dei som vanlegvis frekventerer gudstenester?

Kyrkja arbeider no med ei anna spennande sak: kapper til konfirmantane våre. Me får innspel frå mange: lat konfirmantane våre framstå like på konfirmasjonsdagen! Det er uverdig at denne dagen vert brukt til å visa kven som har råd til bunad, og kven som ikkje har det, meiner mange. Eit klokt argument. Nei, tenkjer andre – det er lang tradisjon i Kvam for å framstå i nasjonalen for første gong – dette må me ikkje endra på! Får me ein ny facebook-debatt...?



DEN NORSKE KYRKJA  
Kvam kyrkjelege fellestråd

### Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

### E-post:

[post.kvam@kyrkja.no](mailto:post.kvam@kyrkja.no)

### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjevegen 40, 5600 Norheimsund

### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon: [www.kyrkja.no/Kvam](http://www.kyrkja.no/Kvam)

Den norske kyrkja i Kvam

### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellestråd:**

976 995 082

### Kyrkjeverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: [ol485@kyrkja.no](mailto:ol485@kyrkja.no)

### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,  
epost: [vk267@kyrkja.no](mailto:vk267@kyrkja.no)  
tlf. 400 35 356

### Prestevikar i Øystese og Ålvik:

Norunn Rød Markhus  
epost: [nm727@kyrkja.no](mailto:nm727@kyrkja.no)  
tlf: 916 37 713

### Kvam kyrkjelege fellestråd:

Leiar: Kjell Dysvik  
[kjell.dysvik21@gmail.com](mailto:kjell.dysvik21@gmail.com)

### Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal  
[mmtordal@gmail.com](mailto:mmtordal@gmail.com)

### Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes  
[a.h.fylkesnes@gmail.com](mailto:a.h.fylkesnes@gmail.com)

### Øystese sokn:

Kjell Dysvik,  
[kjell.dysvik21@gmail.com](mailto:kjell.dysvik21@gmail.com)

### Ålvik sokn:

Ida Lindø  
[idalind@online.no](mailto:idalind@online.no)

## Kjennetegn

Jeg ble døpt og konfirmert i Metodistkirken i Norge. Fram til jeg ble vigslat som sokneprest i Vikøy og Strandebarm sokn i 2022, var Metodistkirken min kirke. Jeg kom til å tenke på min kirkelige bakgrunn da jeg leste om Metodistkirken i Danmark som i disse dager har gjennomført sitt Kirkemøte: Årskonferansen. Det er en sammenkomst hvor kirken drøfter de lange linjer, samtidig som det blir tid for meningsfulle meningsutvekslinger, debatter samt påfyll for både troen og livet.

I et innlegg av Metodistkirkens biskop Knut Refsdal leste jeg at Metodistkirken i Danmark ønsker å være kjennetegnet ved tre «paroler»: kjent for kjærligheten, venner for livet og forpliktet på å gjøre verden til et bedre sted. Jeg syntes dette var spennende «paroler», og jeg tenkte: det kan sies mye om disse som grunnlag for en kirke. Samtidig fikk de meg til å stoppe opp, og tenke på det livet jeg nå lever i Kvam.

Jeg tenkte: hva ønsker jeg og vi at kirken i Kvam og de som hører til i kirken her skal være kjent for?

Kunne vi sagt det samme; at vi som hører til kirken i Kvam og som møter mennesker i vårt lokalsamfunn, er kjent for den kjærligheten vi har til hverandre og verden rundt oss? At vi kan si: vi er venner for livet og at vi kjenner på en dyp forpliktelse på å gjøre verden til et bedre sted? Eller er det slik at mennesker, når de ser oss som går i kirkene i Kvam, ville brukt andre ord for å beskrive oss?

Jeg vet ikke, men det jeg vet, er at vi alltid har noe å strekke oss etter dersom vi ønsker å leve som Jesu disipler her i verden, også her i Kvam. For han sier bl.a. i evangeliet etter Johannes: «Et nytt bud gir jeg dere: Dere skal elske hverandre. Slik jeg har elsket dere, skal også dere elske hverandre. På dette skal alle kjenne at dere er mine disipler: at dere har kjærlighet til hverandre.» Og han følger opp med dette ransakende sitatet i Matteus-evangeliet: «Ikke enhver som sier til meg: 'Herre, Herre!', skal komme inn i himmelriket, men den som gjør min himmelske Far sin vilje.»

Når det er sagt, lover Jesus frihet for dem som holder fast ved hans lære:

**Vetle Karlsen Eide**  
Sokneprest i Vikøy og Strandebarm



«Hvis dere blir i mitt ord, er dere virkelig mine disipler. Da skal dere kjenne sannheten, og sannheten skal gjøre dere fri.» Jesu disipler sammenliknes også med greinene på vintreet i det han sier i Johannes-evangeliet: «Den som blir i meg og jeg i ham, han bærer mye frukt. For uten meg kan dere ingenting gjøre.» Men vi er ikke bare greiner på vintreet, vi er også ment å være lys for verden, vi som tror på hans navn: «Dere er verdens lys. En by som ligger på et fjell, kan ikke skjules.» Ja, i Bibelen peker Jesus på at vi ikke bare er lys, vi tilhører Jesu egen familie: «For den som gjør min Far i himmelens vilje, er min bror og søster og mor.»

Jeg kjente at jeg ble utfordret av dette. Både av Metodistkirken i Danmark, men og av det livet jeg lever i Kvam og de idealene Jesus setter opp for meg og alle som tror. Jeg tenkte: hva vil jeg kjennetegnes ved som kristen og prest? Og jeg tenkte: hva vil alle de som tror på Jesus og som er del av vår kirke her i Kvam, kjennetegnes ved?

Det lurte jeg på. Ja, det lurte jeg på.

## Vårdugnad kring kyrkjene

«Det er vel fagre stunder, når våren kjem her nord.», syng me så friskt – og sannare ord skal du leita lenge etter. Men våren kjem også med ryddearbeid i stor stil.

Sokneråda har gjort det til rutine: når våren kjem, brettar dei opp ermene, finn fram hagesaks og trillebår, og gjev seg i kast med dei tusen små gjeremål som vinteren har halde løynt. Lauv skal fjernast, bark skal spreiaast, kvister klippast – einkvar hageeigar nikkar attkjennande.

«Og etter strevet kan du steikja flek og lesa kinesiske vers» skriv Olav H. Hauge ein stad. Der vart vel helst vafler og kaffi for soknerådet sin del, trur eg – men arbeidsfelleskap og glede over velgjort arbeid er aldri feil.

Takk skal de ha!

*Blide dugnadsfolk! F.v. Solfrid S. Lindøy, Helga Sørhus, Olav Helleve og Ingvill Sørheim.  
Foto: Olav Skeie Lid*



Konsert med **HERBORG KRÅKEVIK** i Strandebarm kyrkje

«Helsing Herborg». Fredag 28. august kl. 19.00.

Kjøp billett via Facebook-sida til Strandebarm kyrkje, eller nettsida kyrkja.no/kvam -«Strandebarm kyrkje 150 år», eller skann QR-koden her:



# STRANDEBARM KYRKJE 150 ÅR

**Ruvande i strandkanten ved Bruosen, godt synleg frå fjord og fjell: i 150 år har katedralen i Strandebarm vore nestoren blant kyrkjene i Kvam. Ingen over, ingen ved sida. No rundar bygget 150 år – og er i betre form enn på lang, lang tid.**

Strandebarm kyrkje ligg på ein velvald stad ein få andre stader finn maken, på tungen mellom Hardangerfjorden og Strandadalselva. Mot nord reiser Bergstona seg i ein skogkledd topp og framhevar den høgreiste kyrkja. I same lei går Strandadalen som endar i nord i Botnane under den snøkledde Tveitakvitingen. Over fjorden mot syd lyser Folgefonna, og utpå våren skin Olavskorsen fram, ei fonn under Blåhatten innst i Ænesdalen.

Gjennom århundra kom dei, forfedrane våre, i kyrkjebåtar frå Innstranda til Tegland, over fjorden frå Kysnes og lenda i Bergsosen. Frå Øvredalen gjekk hålandsdalingane om Bergsenden. Alle for å søkja saman til gudsteneste og spørja nytt. Lensmannen skaut skyggehova bak i nakken og steig opp på kyrkjemuren og les opp kunngjeringar av det verdslege slaget om utpanting og skøyting. Ordninga med gapestokken, ei lovpålagd teneste han motvillig måtte utføra. Bygdefolket hadde oftast medkjensle med stakkaren som var komen med hovudet i den klemma.

Etter gudstenesta var det handel og vandel på kyrkjebakken, gjerne avgjort med eit vitnefast handslag enten det gjaldt eit knippe ljaar frå Geilo eller ei merr frå Hålandsdalen. På andre sida av elva kunne ein få stampa og leta vadmalet hjå K. Årsand, eller driva bytleshandel med smør og gamalost hjå landhandlaren i Bruosen.

Ingen må få seg til å tru at me ville ha hatt det velordna samfunnet me i dag har, utan den sjelsettande påverknaden av kristendomen. Menneskeverdet styrkte seg etter kvart gjennom hundreåra. Træljar vart etter kvart frigjevne. Uskikken med utsetting av born tok slutt. Ættehevnens sat lenge i. Klostervesenet og munkane lærde hardingane å dyrka neper og setja sider som eit byte på ølet. Avlat og sjelemesser kosta ikkje så lite i den katolske tida. På mange andre måtar tileigna kyrkja og kloster seg store jordeigedomar gjennom århundra, og sjølvstendige bønder vart leiglingdar etter kvart.

Kong Christian III av Danmark-Noreg med stor krigsgjeld og i pengenaud, vedtok i 1536 at den lutherske læra skulle gjelda for kongeriket. Han la under seg eigedomane til den katolske kyrkja og kloster og selde vidare til leiglingdane sine, til dansk adel og rike byborgarar. Kyrkjesokna måtte seinare kjøpa attende kyrkjene sine som dei ein gong sjølve hadde kosta. Men ein god lutheranar og protestant



Postkort frå tidleg 1900-talet.  
Kjelde: marcus.uib.no

lærde å vera arbeidsam og sparsommeleg i tillegg til å syna eit kristeleg sinnelag, og ta seg av fattige, enkjer og faderlause.

Hans Nilsen Hauge 1771-1824 dreiv forkynning som lekmann. Etter den tids lover var dette ulovleg. I lange tider sat han i tukthus for det. I trengselstidene før 1814, såg styresmaktene seg nøydd til å sleppa han ut or tukthuset innimellom, for å læra folk å brenna salt og å koka tran. Møllers Tran er hans verk. På dei tider hadde mange prestar fått kunnskap om den nyttige veksten, poteta. Frå talarstolen makta dei overtala dei konservative bøndene til å avla fram dette kaloririke matemne.

Poteta kom gjennom åra til å berga mange ein frå svelt i hel. Me kjenner saga om Terie Wiigen som rodde til Danmark etter 3 tynner bygg, men vart kapra før han nådde heim med berging for kone og barn. Ein kan undra seg over kvifor Nord-Europa er ei øy i verda med eit fungerande demokrati og ein etter måten jamn velstand, og med nokon innimellom som set svært så godt i det. I eit samfunn må me ha noko å vera saman om. Det ligg i ordet. Samkjensla og identiteten er tufta på talemålet, ei sams saga i arbeid og kultur og ei tru til å støtta under. Dette er det som skaper ein nasjon. Ein stat på den andre sida, er ei administrativ, demokratisk eining, i alle høve her til lands. Diktarhovdingar gjennom tidene har gjeve oss ein uunnverleg salmeskatt som lyfter oss med glede og i kjensle ved dei store høgtidene i året. Ungdomslagsrørsla var ein pådrivar for å taka i bruk nynorsk og innføra Blix-salmane i kyrkja.

I samband med 75 års høgtida i 1951 fekk kyrkja dei innvendige fargene ho no har, unnateke våpenhuset som vart måla opp att for nokre få år sidan. Kvelven vart isolert, elektriske varmelement kom under stolane og doble vindauge sett inn. Diverre vart Kristus i blå kjortel i glasmosaikk i koret kledd inn, og det nyrestaurerte Kristus- målarstykket av Himmelfarten teke til altertavle. Men i 1985 vart glasmosaikk-bilete avdekka og tener atter som altertavle, lyser opp koret og skin

vakkert ut i mørkret. Målarstykket vart flytta til nordaustre kroken.

Det var i 1951 eit sterkt ynskje om å byta ut det vesle orgelet frå 1894 med eit meir tidshøveleg orgel. Men kyrkjelyden måtte nøya seg med det gamle fram til 1976. Då kom det orgelet me no nyttar. Ei storfeldt dollargåve frå den utflytte strandbermingen Jens Th. Enes gjorde sitt, og ei monaleg gåve frå ein anonym gjevar fekk snøballen til å rulla. Vestre orgelfabrikk bygde orgelet med mekanikk av Laukhuff, Tyskland med 1792 piper. Orgelet er det største i Kvam. Til same hundre års høgtida i 1976 samla kyrkjelyden seg om eit nytt storfeldt lyft. Soknepresten då, Johan Brakestad, fekk samla inn midlar til nye kyrkjestolar. Dei vart laga lokalt i Tørvikbygd hjå «Vetletveiten» og kom på plass, også til 100 års høgtida.

18. august 2026 rundar kyrkja 150 år og treng til vedlikehald både utvendig og innvendig. Som kjent har skifertaket vorte teke ned og lagt opp att. Tårnet med vindauge og koparspiret har også fått eit naudsynt vedlikehald.

Orgelet frå 1976 treng også ei vøle etter 50 års bruk. Orgelnemnda har utført eit profesjonelt førebuingarbeid både på den tekniske og merkantile sida. Det velrenomerte norske orgelbyggeriet Ryde & Berg kom fram til at orgelet er slite og treng full overhaling. Firmaet Ryde & Berg er klar til å setja i gang arbeidet våren 2026. Spleiselag måtte til og strandbermene klarte arbeidet med glans; over 1,1 mill er samla inn. Det står det respekt av.

Bautasteinen med dei 6 falne frå Strandebarm står like ved kyrkja. Kyrkja var den samlande kraft og institusjon i begge høve. I sorg som i krise er ho den gode hjelpar for trøyst og lindring. Strandebarm kyrkje er 150 år – måtte den framleis få vera ei berande kraft i lokalsamfunnet vårt!

Leidolv Berge

# Jubileumsfeiring i Strandebarm 28. - 30. august

Den siste helga i august inviterer Strandebarm sokneråd, ved hjelp av ei jubileumsnemd, til stor feiring av 150-års jubiléet for kyrkja. Nemda har jobba sidan tidleg i 2025 med å finna artistar og aktivitetar, skriva jubileumsbok og elles laga eit program som kan vera eit stort jubileum verdig. Visstnok var det 3000 tilstades rundt opninga i 1876, såpass kan me vel ikkje håpa på i år, men at både fastbuande og utflytta strandbermarar, og elles alle som vil, blir med og lagar ei feiring som det blir skrive om i historien og neste jubileumsbok! Her er noko for alle:



Siste helga i august, 28. - 30.08.2026, skal det feirast at det er 150 år sidan Strandebarm kyrkje vart bygd.

Me håpar flest mogeleg, både fastbuande, utflytta og andre, blir med på ein el. fleire av aktivitetane, så det blir ei minneverdig feiring. Planlagd program er;

## **Fredag 28. august kl. 19.00**

Konsert med Herborg Kråkevik i kyrkja, billetter kjøper du på FB-sida til Strandebarm kyrkje eller kyrkja.no/kvam.

## **Laurdag 29. august**

**kl. 09.00:** Fjelltur frå Hålandsdalen til kyrkja på Bru, for info kontakt Johannes Børsheim: 46907372

**kl. 11.00:** Historisk føredrag frå jubileumsboka i kyrkja.

**kl. 12.00:** VM i Strandebarmar-roing frå marinaen til kyrkja. Båt kan lånast. Påmelding innan 1. august til Ole Gjerde: 97182835

**kl. 13.00:** Klovnanne Tipp og Topp underheld i kyrkja

**kl. 18.00:** Gratis jubileumskonsert i kyrkja med orgelinnviing og mange lokale, musikalske krefter.

## **Søndag 30. august**

**kl 11.00:** Jubileumsgudsteneste. Flott om du vil ha bunad eller 1800-tals kle.

**kl. 12.30:** Festmiddag m/påmelding innan 1. aug. til Jorunn Lillefosse: 95139561

Har du lyst til å hjelpa til som frivillig på nokon av aktivitetane, ta kontakt med Margun M. Tordal: 90922572

Programmet kan verta endra, følg med på kyrkja.no/kvam for evt. korrigert program.

# Et håp og et ønske - om ikoner i Norheimsund kyrkje

Arbeidet med ikoner begynte med et håp og et ønske om å kunne bidra til at flere mennesker, som i dag ikke finner veien til kirken, kan komme og kjenne seg inkludert, verdsatt og finne rom for sin tro.

Håpet og ønsket var forankret i et sett av oppgaver, et oppdrag: «Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet.» (§ 12 i Kirkeordning for Den norske kirke). Det er i lys av dette oppdraget soknerådets arbeid skal vurderes, og arbeidet med installering av ikoner ble iverksatt. Arbeidet med ikoner var også inspirert av at tidligere sokneråd hadde arbeidet med å få på plass et eller flere ikoner i Norheimsund kyrkje, uten positivt resultat. Hvorfor det endte slik forble ukjent for soknerådet. Kanskje det derfor var mulig å få på plass ikoner denne gangen?

Soknerådet opplevde det samtidig motiverende at Solrunn Nes, i tillegg til at hun er en anerkjent ikonmaler nasjonalt og internasjonalt, også bor i Norheimsund, og at soknerådet dermed kunne bidra til at hennes kirkekunst kunne få komme opp på veggene inne i Norheimsund kyrkje sin kirkesal.

## Arbeidet med ikoner

I referatet fra soknerådets møte 11. februar 2025 (sak 16/25), står det at arbeidet om mulig installering av ikon i Norheimsund kyrkje er kommet i gang. Av vedtaket i saken fremgår det at det ble opprettet en arbeidsgruppe som skulle samarbeide med Solrunn Nes for å vurdere ulike alternativ for installering av et eller flere ikoner i Norheimsund kyrkje. Pris på ikoner skulle også hentes inn. Saken ble så tatt opp igjen i Vikøy sokneråd i flere påfølgende møter. Alle som ville lese om prosessen kunne, når som helst, klikke seg inn på kirkens hjemmeside og lese referatene fra disse soknerådsmøtene hvor også dette var et tema.

Praksisen med å legge ut referatene fra soknerådsmøtene for offentligheten på Kvam kyrkjelege fellesråd sin hjemmeside, har pågått over flere år. På denne



Dei to ikona laga av Solrunn Nes. Foto: Brynhild Eide

måten kan hvem som helst, når som helst og hvor som helst, lese om det arbeidet som pågår i alle soknerådene i Kvam, inklusiv Vikøy sokneråd. Referatene blir liggende åpent i om lag et år før de flyttes til kirkens arkiv.

## Befaring med biskop Ragnhild Jepsen

29. september 2025 var biskop Ragnhild Jepsen og rådgivere ved Bjørgvin bispedømmekontor i Norheimsund kyrkje på befaring for å se på mulighetene for å henge opp ikoner i kirken. De ble presentert for både størrelse og plassering. Biskopen understrekte også viktigheten av en skriftlig søknad med en illustrasjon som kunne skissere hvordan soknerådet så for seg et eller flere ikon i kirken. Dette fordi det er biskopen som har mandat til å innvilge eventuelt å avslå en søknad om bl.a. ikoner, jfr. Kirkeordning for Den norske kirke, § 20: «Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr skal godkjennes av biskopen.» På bakgrunn av dette sendte soknerådet en søknad om installering av ikoner i Norheimsund kyrkje den 9. februar 2026. Søknaden ble anbefalt av både Olav Skeie Lid, kirkeverge i Kvam kyrkjelege fellesråd og Vetle Karlsen Eide, sokneprest i Vikøy.

## Årsmøtet 2026

Årsmøte i Vikøy sokn ble avholdt 8. mars 2026. På dette møtet ble planene for installering av ikoner formidlet, og det ble åpnet opp for innspill i sakens anledning. Det ble

også formidlet at søknadsprosessen hos biskopen hadde gått raskere enn først forutsatt (kun en måned, det tar som oftest flere måneder). Søknaden kom soknerådet i hende fredag 6. mars - to dager før årsmøtet. Fordi svaret forelå til årsmøtet, fant soknerådet det riktig å informere om biskopens vedtak i saken.

På årsmøtet kom det fram motforestillinger mot plasseringen av ikonet. Noen uttrykte også motstand mot at det i det hele tatt var vurdert å henge opp ikoner i kirken. Samtidig uttrykte noen glede over det arbeidet som var satt i gang. På bakgrunn av reaksjonene i årsmøtet, fattet soknerådet i sitt påfølgende møte, den 21. april 2026, følgende 4-punkts vedtak:

1. Soknerådet skal søkja om stønad til å kjøpa ikona. Soknerådsleiar tek kontakt med kyrkjeverja, og dei skriv søknader til aktuelle fond/stiftingar.
2. Soknerådet kjøper ikona av Solrunn Nes når finansieringa er i orden.
3. Me har «prøveopphenging» av ikona framme på veggene der biskopen har godkjent + bak ved nord-veggen – ei viss tid på kvar plass.
4. Solrunn har eit føredrag om desse to ikona for kyrkjelyden. Soknerådet må evaluera etter at folk har fått kome med synspunkta sine, men det er soknerådet som til slutt skal fatta det endelege vedtaket etter drøftingar i rådet.

Vedtaket understreker at endelig sted for installering av ikoner ikke

er vedtatt, og at menigheten skal få komme med sine synspunkt i en pågående dialog. Samtidig: det er soknerådet, i kraft av kirkelovens mandat, som til slutt skal og må fatte det endelige vedtaket i saken etter drøftinger i rådet. Ved eventuell opphenging av ikoner på annet sted i kirken enn det som det var søkt om tidligere, bekreftet biskopen i Bjørgvin at soknerådet måtte sende en ny søknad for endelig plassering av ikonene.

## Debatten

I etterkant av vedtaket i soknerådet 21. april 2026, brøt det ut en debatt på Facebook, som igjen ble fulgt opp av oppslag i Dagen. Som respons på disse oppslagene valgte ikonkunstner Solrunn Nes til slutt å trekke sine ikoner fra dette oppdraget i et brev til Vikøy sokneråd. En konsekvens av dette brevet, var at soknerådsleder, i dialog med arbeidsutvalget, måtte kalle inn til et ekstraordinært soknerådsmøte mandag 4. mai 2026. Her var det kun en sak på agendaen: «Ikon i Norheimsund kyrkje. Vi drøfter innspel i saka som har kome inn etter førre møte.»

I dette møtet valgte soknerådet å ta Solrunn Nes sitt brev til etterretning. Samarbeidet med Solrunn Nes ble avsluttet. Soknerådet skriver også følgende i pressemeldingen som ble sendt ut i etterkant av soknerådsmøtet: «Vikøy sokneråd vil takka Solrunn Nes for godt samarbeid i arbeidet med utsmykkinga av Norheimsund kyrkje, og anerkjenner hennar høge kunstfaglege kompetanse.» Dette resulterte i nye oppslag på Facebook, i Dagen og også i Hordaland Folkeblad.

## Om kirken og kirkekunst – om Gudsbilder og bilder av Gud

Ønsket fra soknerådet om å installere ikoner i Norheimsund

kyrkje, handlet om å ta på alvor dem som opplever at ikoner er et vindu inn mot både troen og livet, og anerkjenne denne opplevelsen. Dette ønsket handlet også om å strekke ut en hånd til dem som kommer til oss fra andre land og hvor ikoner inngår som en naturlig del av deres trosuttrykk og trosliv. Samtidig bar soknerådet med seg et håp om at ikonene i Norheimsund kyrkje ville kunne bidra inn i en økumenisk samtale om vår kristne tro.

I arbeidet med ikoner i Norheimsund kyrkje er det, etter responsen å dømme på Facebook og avisenes kommentarfelt, på nytt blitt gjort tydelig at kirken i Norheimsund betyr mye for mange – både i Kvam, men også andre steder i landet. Det er også blitt tydelig hvor sterkt flere opplever albertavlen med Kristi utstrakte hender.

Samtidig har prosessen vist et behov hos andre for å få inn kirkekunstuttrykk i Norheimsund kyrkje som kan gi en gjenkjennelse i forhold til egen gudstro og de bilder av Gud som den enkelte bærer på. Ikonene var dermed et svar på denne lengselen etter et utvidet tros-rom. Kanskje kunne ikonene bidratt til at vi alle gjennom ikonene kunne fått nye og fornyende møter med den levende, treenige Gud. Til nye og fornyende møter med den oppstandne Jesus Kristus. Til nye og fornyende erfaringer med Gud som møter hvert enkelt menneske med kjærlighet, omsorg og empati, slik Gud kommer til oss gjennom Bibelen, bekjennelsen - livet selv – og ikonene?

*Av Vetle Karlsen Eide  
Sokneprest i Vikøy sokn  
Fast rådsmedlem i kraft av stillingen  
som sokneprest*



## Vegar mot håp – eit nytt sorggruppetilbod

Hausten 2026 vil Vikøy sokneråd, i samarbeid med dei andre sokna i Kvam, få tilby ei sorggruppe for alle som har opplevd å miste nokon. Tilbodet går til alle dei som har opplevd dødsfall i nære relasjonar. Tilbodet er livssynsøpe og uavhengig av religiøs ståstad. Det er eit tilbod til alle.

Tilbodet er denne gongen heilt gratis, og det går over 8 gonger; seks gonger før jul, og to gonger etter jul. Gruppa vil bestå av mellom 5 - 8 gruppe-medlemmer i tillegg til to gruppeleiarar: Brynhild Eide og Audun Aase. Brynhild Eide er utdanna klinisk sosionom, diakon og familierapeut og har lang erfaring med individuell vegleing og gruppe-vegleing. Ho arbeider i dag i Kvam herad som familie-vegleiar.

Audun Aase er utdanna prest og andeleg vegleiar og har over 40 års erfaring som prest. I sitt arbeid som prest har han møtt mange sørgjande og etterlatne, og har difor lang erfaring i det å møte menneske som har opplevd dødsfall i nære relasjonar.

Kanskje dette er noko for deg? For alle som vil vurdere å vere med, vil det bli arrangert eit informasjonsmøte torsdag 11. juni kl. 20 i Norheimsund kyrkje. Kontaktperson for tilbodet er sokneprest Vetle Karlsen Eide. Frist for påmelding: 1. september 2026. Sjå og kyrkja si eiga heimeside for meir informasjon.

## Munter soge



Eg kom til Sauda som prest tidleg på 1990-talet. Ei av oppgåvene eg hadde, var andakt på gamleheimen kvar torsdag ettermiddag.

Etter ein slik andakt, gjekk eg inn til ein eldre mann, som ikkje hadde høve å koma til andakten. På veg dit, møtte eg i gangen naboen min; Leif Berg, langt over 90 år: rak i ryggen, smilande, med pipa i munnen. «God dag, Leif, eg må seia du er er i god form som går her i gangen utan stav!» «Ja, det stemmer!» svara Leif. Så tok eg kraftig i, og seier til han: «Ja, du er like sprek du som ein konfirmant!» «Det stemmer, du!» svara Leif – idet han granskande ser på meg, og legg til: «Var det ikkje du som konfirmerte meg?»

Arne O. Øystese.

# - Konfirmantane



## NORHEIMSUND

4. rad: Kristian Nicolai Eiken-Aksnes, Emil Voster, Allan Hunar Prodan, Dan Christer Cabasag Byrkjeland, David Oma-Sletten, Bernhard Flakstad Oma, Tomas Eikeland Sangolt, Andreas Børsting Skeie, Knut Bernhard Kristian Kirkhus Vikøy, Mikkel Valland, Gabriel Eikeland.

3. rad: Damian Kajackas, Jakob Røyrvik Aase, Aleksander Snilstveit Rykken, Noah Brattli Tolo, Aron Bjelland, Mathew Pettersen Lothe.

2. rad: Sokneprest Vetle Karlsen Eide, Lars Henrik Kvalvik, Oda Sofie Seim, Isa Emilie Eiken-Aksnes, Marie Høyland, Liv Sunniva McCorkle, Perle Nygård, Sander Høgenæs Laupsa, kateket Mampion Andriamandimby.

1. rad: Madelen Steine Aarekol, Sofia Ellingsen Grande, Lisa Grøtt Huus, Lilly Ones, Leah Trones, Luna Sophia Håvik Aarra, Emilie Fosso Olsen, Selma Agata Pfeil Vikøy.



## STRANDEBARM

2. rad: Sokneprest Vetle Karlsen Eide, Sondre Flemmen Skogvoll, Mikal Skår Måge, Marcus Nisamjan, kateket Mampion Andriamandimby

1. rad: Emilie Cecilie Haveland, Signe Oma, Hermine Straumstein, Vilja Skår Linga, Marie Duang Løken

# í Kvam 2026 -



## ØYSTESE

4. rad: Aron Børve Byrkjeland, Veinas Vencius, Leander Linde Mæland, Morten Storholm.

3. rad: Aslak Fenne Johansen, Johan Neteland, Aleksander Nyland, Arne Tveiterås, Sindre Mo, Jakob Steinstrø Mæland, Heine Olai Bergtun-Mo, Emil Flatabø Mørland, Brynjar Drage Rosseland.

2. rad: Kateket Mampion Andriamandimby, Thea Isabell Aarsand, Viktoria Børve-Byrkjeland, Julie Nesse Selsvik, Melinda Isabella Cao Zheng, Synneva Laupsa Mo, Ida Elise Bøe Vik Johansen, Sanne Årrestad Fykse, konfirmantlærer Julie Haaberg, prestevikar Norunn Rød Markhus.

1. rad: Hanna Aalvik, Liva Linga Fagervik, Lilly Lundblad-Sandbakk, Tomine Sæhle Pedersen, Helena Mo Seljebotn, Mina Brattli Soma, Anna Tomine Laupsa.



## ÅLVIK

Kateket Mampion Andriamandimby, Timre Mo Vines, Baste Lothe, Jenny Margrete Tercio Garen, Nathaniel Haaheim Vågane, sokneprest Vettle Karslen Eide.

Fotograf: Eric Clement

## Innsamling til nytt flygel til Norheimsund kyrkje

**Stundom må ting modnast fram. Slik er det også med oppgradering av flygelet i kyrkja i Norheimsund. Det har vore på agendaen i fleire år – men no er det nærare målet enn nokon gong.**

Hardingtonar og kyrkja har slått sine pjalter saman, og vil freista lyfta i flokk. Slikt pleier å gje resultat. Innsamlinga er i startfasen, og mange ulike kanalar skal nyttast. Vipps, Spleis, tangentsal – berre for å nemna noko. Stiftingar, forsikringsselskap og bankar kan også førebu seg på søknader om stønad i løpet av året.



Ei stund var tanken å kjøpa først, og samla inn pengar deretter. No har ein forlete den strategien, og i staden vil det komande året stå i innsamlinga sitt teikn. Når me skriv våren 2027, er vona at kontoen er såpass velfylt at ein kan dra på handledur. Då må reglane fylgjast: dette er eit offentleg innkjøp, og regelboka er full av fallgruver. Rette kriterier må leggjast til grunn, slik at ein innkjøps-konkurranse kan gjennomførast utan at kjøpar vert sitjande fast i ei hengjemyr av klagesaker.

Men først må altså klingande mynt vera komne på konto. Førebels har ein berre opna ein ny konto til føremålet: 3530.37.58567 Her er det berre å fylla på, for deg som brenn for saka. Hardingtonar har allereie litt cash på bok, i tillegg til å eiga det gamle flygelet - men både kyrkja og Hardingtonar solidarisk ansvarlege for innsamlinga i lag. Og målet? Kr 600.000,- hadde vore fint. Då opnar det seg eit landskap av ulike merke og modellar, både brukt og nytt. Kompetanse på klaver finst både i kyrkja og i Hardingtonar – me skal nok klara finna rette instrumentet. Og til Hardingtonar 2027 – som forresten er flytta til midt i mai det året, berre så det er sagt – så vonar komiteen at ein kan lytta til tonar frå det nye flygelet.

*Organist og kantor, Sevi, under intens øving på det gamle flygelet. Foto: I.K. Tordal*

## Ship, ohoi! – i Øystese kyrkje?

**Voggande skuter under kyrkjekvelven er ikkje noko me er bortskjemde med i Kvam. Men utsmykking og symbolikken er velkjend frå mange kyrkjer rundt i landet – kanskje også i andre land? No ynskjer Øystese sokneråd å søkja biskopen om å få ei seglskute til kyrkja si.**

Symbolikken er tydeleg og klar for den som vil sjå: skipa som heng i dei mange kyrkjer, skal symbolisera livet si ferd, frå vogge til grav. Kyrkjerommet inne i kyrkja heiter til overmål «kyrkjeskipet», så det er ikkje noko nytt element som er på veg inn. I riktig gamle dagar stod endåtil døypefonten bak i kyrkja. Dåpens bad var inngangen til truslivet – som altså enda med kista framme i koret på avferdsdagen. Symbolikken var ikkje til å ta feil av.

Men attende til skipet i Øystese. Det har seg slik at ein glad gjevvar har ei modellskute som han har lyst å gje som gåve til Øystese kyrkje. Modellen er ikkje av dei største, - men høver framifrå mellom bakre ljosekrune og galleriet. Her har soknerådet hatt prøveopphengjing, og samrøystes vedteke at dette vil dei ha.

Så spørst det då kva biskopen tenkjer om dette? Ho vil ha eit ord med i laget, og kanskje ikon-saka i Norheimsund kyrkje gjer at den godeste biskop Ragnhild evar seg ørlitt før ho godkjenner tiltaket? No er i alle høve kyrkjelyden kjent med initiativet gjennom kyrkjebladet og lokalavisa. Informasjon vert det aldri for mykje av.



**Yurii  
er  
vår  
mann**



Neidå, hans namn er ikkje feilstava. Han heiter Yurii, - med to i-ar etter einannan, bur i Øystese, - og har verdas breiaste smil.

Yurii kjem frå Odessa i Ukraina, og då skjønar me straks teikninga: krigen i Ukraina har gjort han til ein av dei mange hundretusenvis av flyktningar som no bur kring i Europa. Til Øystese kom han for ikkje så lenge sidan, og har med seg kone og to små barn. Han var ledig på torget då kyrkjeverja leitte etter nokon som kunne bistå fellesrådet med kyrkjegardsslått – og han ser ut som eit lukketreff.

Alltid smilande, aldri eit nei i hans munn. Songen frå plenklipparen høyrst dagen lang, og frå Ålvik til Strandebarm legg han bak seg velfiserte plenar.

Send han gjerne ein tommel opp når du går forbi! Det fortener han!


## Fleire urner, færre kister

**Det skjer ei umerkeleg endring i vårt folk: kremasjon er i ferd med å få fotfeste. Før var det eit byfenomen – no kryp kremasjonstala oppover, også i Kvam.**

Kanskje har det med å gjera at krigsgenerasjonen er på veg ut? Dei som så lett tenkte på Auswich når ordet kremasjon kom på tale? I alle fall ser me ei stor endring hjå kyrkjeverjen for tida: for 15 år sidan var det kanskje 5% kremasjon i Kvam – no har det runda 30% Dette får fylgjer for mange – og dei aller fleste er positive: det vert mindre trong for utbygging av dyre kistefelt, arbeidsmiljøet for dei tilsette vert betydeleg betre, - og ikkje minst: det minkar trongen for arbeidskraft på kyrkjegarden. Det siste er manna frå himmelen for ei økonomisk skvist kyrkje.

Og kanskje har minnelunden gjort sitt til at fleire tenkjer kremasjon? Øystese minnelund er i alle fall no ferdig, og kan takast i bruk.

Det er som ved ei vanleg gravferd: urna med aska blir sett



Ordføraren klipper snora ved opninga av minnelunden.  
Foto: I.K. Tordal

i jorda bak minnelunden, og namneplate med namn og årsens tal vert montert på sjølve minnelunden. Seremoni for urnenedsetjing kan skje på to måtar: anten har ein det me kallar bisetjing, der kista vert sendt til kremasjon etter gravferds-seremoni, og urna kjem attende til gravferdsforvaltinga etter kremasjon. Deretter kan ein samla dei ein vil til ein enkel urne-nedsetjing. Alternativt kan ein snu på det, og senda kista til kremasjon først, og deretter halda gravferd for urne. Då vert urna sett i jorda i samband med gravferds-seremoni – og alt er gjort unna på ein dag.

Kostnaden med namneplate med inngraving er kr 9.375,- for 2026. Fellesrådet fastset nye prisar for dette kvart år. Ved namnetilføring for ektefelle betalar ein berre for inngraving på same tavla, prisen for dette er kr 2.000,- for 2026. Så langt prisane våre.



Ei vanleg urne er ca. 20 x 27 cm.

Kvam er ikkje åleine om denne utviklinga i auken av kremasjonar. I eit makroperspektiv på landsbasis gjev denne auken i kremasjonar utfordringar for krematoria. Dei slit med å klara ta unna tilgangen. Enn så lenge vert alle kremasjonar frå Kvam sende til Bergen. Tida vil visa kva framtida vil gje oss.

## Avfallshandtering på kyrkjegardane

Kyrkjegardane er augnesteinen vår. Her vil me at det alltid skal vera ryddig, reint og velstelt. Ikkje alltid rekk me over det me ynskjer – men me går på att med krum hals, gong på gong.

«Samtidigheit» er eit ord som av og til vert kyrkegardarbeidarane sin verste fiende. Me kan ha så gode container-avtalar me vil med BIR, men når heile Kvam kjem på at dei skal stella grava til sine kjære på ein og same dag – gjerne når våre arbeidsfolk også steller ein av kyrkjegardane - då slit me.

Men ingen skal tru at me ikkje bryr oss! Me lærer kvar gong, og vil gjera nokre grep for å koma store plante-helgar i forkjøpet. Neste gong skal me ha ekstra søppelsekker tilgjengeleg – det lovar me! Så sjølv om Facebook ikkje er den optimale plassen å ausa ut sin frustrasjon, så har me likevel lyst å seia: takk at du bryr deg! Me har ein felles agenda: å halda kyrkjegardane så vakre som råd.



Ill.foto: Dnk/ Torstein Kiserud

## Ny misjonsavtale i boks

Då er det på plass: alle kyrkjelydane i Kvam går saman om å inngå samarbeidsavtale med Det norske misjonsselskap. Kristi himmelfartsdag var det stor markering i Norheimsund kyrkje. Ein entusiastisk Arild Bakke frå NMS var på besøk, og glede seg stort: 4 avtalar i boks på ein dag – det er ikkje kvardagskost for NMS.

NMS har rike tradisjonar her i bygda: i 1846, berre 4 år etter at NMS vart skipa, såg den første misjonsforeininga dagens ljøs. Det skjedde i ei stove oppe på Skeie – og tru det eller ei: misjonsforeininga har halde koken uavbrote i i 180 år, heilt fram til i dag. Annankvar måndag samlast dei i kyrkja i Norheimsund. Ein fantastisk gjeng.



Repr. for sokneråda Kjell A. Gjørn, Margun M. Tordal, Ida Lindøe, Astrid H. Fylkesnes og NMS' seksjonsleiar Øst-Afrika, Arild Bakke

Kyrkja i Kvam har samla seg om 3 ulike prosjekt:

- Mangarano Psykososiale senter.
- Inkludering i skulen (Miara Mianatra).
- Berekraftig jordbruksutdanning på Madagaskar.

I dette nummeret av kyrkjebladet presenterer me kort det første prosjektet: Mangarano psykososiale senter. Dette var i si tid ein lepra-koloni, der dei spedalske var stua bort. Kolonien er lagt ned, naturleg nok - og institusjonen har forfalle kraftig. Etter initiativ frå dei gassiske styresmaktene har den lutherske kyrkja på Madagaskar teke ansvaret, og sagt JA til å byggja opp att institusjonen, og no med tanke på å reisa eit psykososialt senter. Rus og psykiatri kjenner ikkje landegrensar, og er ei stor utfordring, også på Madagaskar.

Arbeidet med å restaurera bygningar og infrastruktur vert utført av dei lokale, og ofte er det med god, gammaldags handemakt dei grev brønningar og grøfter. Valet av NMS og Madagaskar var naturleg av fleire årsaker enn berre den urgamle misjonsforeininga: me har to av våre tilsette, Mampion og Franckie gled seg over at utviklingsarbeid i deira gamle heimland vekker glød også i Kvam.



Driftige damer i misjonsforeininga, f.v.: Gerd Nytveit, Solrun Leiren, Astrid Jacobsen, Ragnhild Helleve, Astrid Soldal, Solveig Norheim, Kirsti Valland, Kari Eikemo Skeie, Gerd Neteland, Solveig Sakseid. Foto: Olav S. Lid

Og NMS er altså den misjonsorganisasjonen som kyrkja no har inngått samarbeid med. I mange år har det vore Hjalpartner, no vert det eit byte. Vemodig for nokon, - men samstundes naturleg med å variera mellom dei ulike organisasjonane.

## Takk for fylgjet, Heine!

**Då var Heine Ugletveit si tid som kyrkjegardsarbeidar over for denne gong- i alle høve tek han no ein lenge planlagt permisjon. Det komande året har han hendene fulle på heimebanane - det er mangt som skal ryddast opp i etter at staten med eitt gjorde levebrødet hans ulovleg.**

No skal ikkje denne vesle artikkel handla om for eller imot pelsdyroppdrett - det kunne fort blitt mange spaltmeter. Men ein prat med Heine om hans 8 år i kyrkja i Kvam er på sin plass før han dreg. Redaktøren utstyrer seg med penn og papir, og prøver hanka Heine inn mellom slaga. Det er lettare sagt enn gjort, - han er høgt og lågt, og mange stader på ein gong.

Det har vore gode, men strevsame år, seier Heine. Dette er og blir ei teneste som må rulla og gå heile året. Mjødalar eller piskande regn - grava må vera klar når gravferdsdagen er der. Mange gonger må det litt krisehjelp til,

som når grava trugar med å rasa saman rett før gravferda - eller når vatnet trengjer inn og omdannar grava til basseng. Då er gode råd dyre - og Kvam sine pumper gode å ha. - Det går oftast bra, seier han. Den gode kommentaren er aldri langt borte. Heine er eit oppkome av gode historiar og hermer, og galgenhumoren i yrket hans, lyt til når det røyner på. - Men, presiserer han - inn mot dei pårørande og deira oppleving firer me aldri på krava. Ei kvar gravferd skal opplevast verdig og seriøs.

- Og lange dagar kunne det bli, spør bladfyken - vel vitande om svaret: - Det hende jo, smiler Heine. Jobben må jo gjerast, sant? Frosen bakke med tineapparat og vinkelkuttar er ein del av vinterkvardagen. Brøyting, strøing, kontakt med gravferdsbyrå og prest, - alt høyrer med. Avfallshandtering, taktetting, maling, røyrløsgjing, elektriskarbeid - you name it. Ingenting er ukjent for ein kyrkjegardsarbeidar. Og ikkje minst: gartnerdelen av arbeidet. Mange

hundre meter med hekk skal haldast til ei kvar tid, og kyrkjegarden skal slåast. Det siste har fellestrådet dei siste åra leigt inn hjelp til - det har letta mykje, fortel Heine.

No ventar lange dagar i 20-tonnaren hans, ei stor gravemaskin. - Det vert litt annleis enn den leikemaskin me nyttar på kyrkjegarden, gliser han. Telefonen til Heine ringjer, og borte vekk er han like fort som han kom. Smilet, låtten og den gode kommentaren heng att etter han der han spinn av garde.



# GUDSTENESTER I SOKNA

## 14. juni

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Vikøy kyrkje kl. 12.00  
Folketonemesse med

## 21. juni

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 28. juni

Vikøy kyrkje kl. 11.00

## 5. juli

Friluftsgudsteneste på Åse  
i Strandebarm kl. 11.00

## 12. juli

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 19. juli

Vikøy kyrkje kl. 11.00

## 26. juli

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

## 2. august

Øystese kyrkje kl. 19.00

## 9. august

Vikøy kyrkje kl. 11.00

## 16. august

Øystese kyrkje kl. 11.00

## 23. august

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Ålvik kyrkje kl. 11.00

## 30. august

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
150-års jubileumsgudsteneste

## 6. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Konfirmantpresentasjon

Ålvik kyrkje kl. 17.00

Konfirmantpresentasjon og utdeling  
av 4-årsbok

## 13. september

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Konfirmantpresentasjon

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

Konfirmantpresentasjon og utdeling  
av 4-årsbok

## 20. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i  
HF eller nettsida [www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)

## FRÅ KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Øystese sokn

Elisa Høyland Beqo  
Jone Øyri Eikeland  
Lydia Haaberg

#### Vikøy sokn

Vetle Vågen-Tveiten  
Nils Brekke Neteland  
Vemund Neteland Brandvik  
Alfred Mo Håreid  
Emil Oma Bergheim

#### Strandebarm sokn

Alvin Gjerde Johannesen



### Gravferd

#### Øystese sokn

Astrid Olina Olsen  
Rita Kåreid  
Olav J. Børve  
Solveig Mo  
Liv Eide  
Arild Kåreid  
Svein Erik Wiken

#### Vikøy sokn

Aksel Reidar Sørensen  
Margot Haugstad  
Terje Luth-Hansen  
Synneva Sandven  
Ellen Brandenburg  
Bjørn Olav Fossaa

Guri Stave  
Gunvor Neteland  
Barbro Sandven  
Åse Stølan  
Åse Neteland

#### Ålvik sokn

Karin Margrethe Ebersbach  
Aslaug Mæland



### Vigde

#### Øystese sokn

Eli Therese Nedrebø og  
Patrick Langeland

#### Vikøy sokn

Marte Åsheim og Einar Waltala Budalen



## Kling no klokka - ring og lokka

Observante kyrkjegjengarar har registrert det i lang tid: det vantar då eitkvart ved ringinga av klokkene i Norheimsund kyrkje? Er det berre ein tone som me høyrer, - og ikkje to, slik det skal vera? Så rett, så rett. Den største klokka slutta å fungera for nokre månader sidan. Brått var det stille. Rett og slett. I straumen av vedlikehaldsbehov vart det vurdert at dette kunne venta — så lenge det er lyd i éi klokke. Ei vøle har nemleg kranbil inkludert i reparasjonen, - og kranbil var ikkje på budsjettet. Klatring på tak og i vaklande stigar, slik me gjorde det i dei glade 90-åra, er ikkje lenger innanfor HMS-en, - og den skal me fylgja.

No var det ingen veg attende. Den manglande tonen i klokkeklangen — ein G — i den største klokka, vart meir og meir sakna. Harmonien mangla i klokkespelet! Ein vakker vårdag i mai hanka me inn ein uredde og lite sulnig elektrikar, og kranbil frå Jan Mo AS likeeins. Feilen vart kjapt reparert, og brått var verda i balanse att — no kling den vakre G-mollklangen frå klokkene i Norheimsund kyrkje ut over heile bygda att.



# Gravminner

- spør våre lokale samarbeidspartnere

## Strandebarm og Mundheim:

L.M. Leiv Magnar Fosse  
Fosse tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

## Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:



Arvid Strømme og Hildegunn Strømme  
tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com



Eikner Naturstein AS  
Ulsmågveien 27  
5224 NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00  
firmapost@eikner.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT  
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND



## JAN MO AS

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

# Montér

## Kvam

info@monterkvam.no TLF 56904089



Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

## Øystese Elektriske AS

### DIN LOKALE ELEKTRIKAR

- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

#### Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstraum - ENØK og smarthusløyningar
- Tele og datanettverk - Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 • www.oelas.no



## JOHAN SKEIE AS

GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745



## Bjelland

### Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

## HB HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggsenter.no

Bt BYGGtorget MESTERHUS  
- det blir som avtalt



## Til deg! For deg!

## Ein ny bank du allereie kjenner

No er me Sparebanken Norge. Me er framleis dei same lokale folka med det same lokale engasjementet.

Oppe 10.00-15.00

Sparebanken Norge

sbnorge.no

## Afrikansk – og norsk

Føremiddagstreffet i Øystese i førre månad vart ein skuletime i geografi, samfunnslære – og ikkje minst ei påminning om kor søkkjande godt me har det i Noreg. Kyrkjetenar Ntagambwa Mbonumyremyi – til dagleg kalla Bonje, av naturlege årsaker – tok oss med på ei reise til sitt heimland Kongo. Nøkkelor-det var - dessverre – krig.

For denne verdas herrar brukar krigen som våpen for å nå sine mål, anten ein er i Ukraina eller i Afrika. Vondskapen og mangelen på respekt for liv er like velutvikla alle stader, og Bonje har ei sterk historie å fortelja. Han miste mange sysken og mor si i krigens gru, og måtte flykta, då han skjønna at han var neste-mann på lista. Hans brotsverk? Han tilhørde feil stamme, ingenting anna.

Flukta gjekk gjennom mange land, før han ankra opp i Kvam. No har han sitt daglege arbeid som kyrkjetenar både i Øystese og Norheimsund. På føremiddagstreffet tok han fram gitaren, og trass krigsskader i ei hand, gav han oss i ord og tonar ei påminning om det viktigaste her i livet: å vera takknemleg, og ikkje vera bitter. Ei sterk stund, Bonje – takk skal du ha!



## KONFIRMAN\* 2027



Nå er det 2012-kullet sin tur!

Velkomen til konfirmasjonstid i  
Den norske kyrkja i Kvam.

Påmelding på kyrkja si nettside  
[www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)



Påmelding opnar 1. juni 2026  
Påmeldingsfrist: 30. juni 2026

Meir info, ta kontakt med

Kateket: 99089285  
epost: ma382@kyrkja.no

eller  
Kyrkjekontoret: 47483120  
epost: post.kvam@kyrkja.no



## Opne kyrkjer i sommars



Når varmen kjem og sommaren ligg utover landet – då opnar kyrkjene i Kvam sine dører. Både Vikøy og Øystese kyrkje vil ha opne kyrkjedører store deler av sommaren. Her kan du stiga inn i dei gamle gudshus, kjenna andedrag frå generasjonar som har site her gjennom tidene, og vita at huset har romma sorg, glede - og vore ein bustad for trua til folket vårt gjennom århundre. Opningstidene vert som fylgjer:

### Øystese kyrkje

Kyrkja er open i tidsrommet 14. juni til 24. august. Opningstidene varierer litt gjennom sommaren, men i hovudsak er det opne på dagtid mellom 10 og 16, men unntak for måndagar.

### Vikøy kyrkje

Denne kyrkja er også open 14. juni til 24. august. Her er opningstida frå kl 11 til kl 18 alle dagar, så nær som måndagar.

I tillegg vil også Norheimsund kyrkje vera open for besøk i vanleg arbeidstid – med mogelege unntak for ferieavvikling.

Ver velkomen!